

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
045/18	Plan- og miljøutvalet	PS	21.03.2018
021/18	Levekårsutvalet	PS	24.04.2018
011/18	Eldrerådet	PS	24.04.2018
017/18	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	23.04.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	18/342

1. gangs handsaming av reguleringsplan E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801

Vedlegg :

OversendingsbrevE39 Mundalsberget bomstasjon planomtale 2018-03-07E39 Mundalsberget bomstasjon planføresegn 2018-03-07E39 Mundalsberget bomstasjon plankart - A3 - 2018-03-07BKKFiskarlagetFylkesmannenGrunneiere v KvammeNVESVV

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801, ut til høyring og offentlig ettersyn på følgjande vilkår:

1. Ny § 4.2.1: Krav til sikring. Naudsynt fjellsikring skal gjennomførast før det vert sett i gang arbeid med etablering av galge for bomstasjonen. Gjerde skal etablerast før tilkomststi til tekniske anlegg for bomstasjonen vert teken i bruk.

.....

Plan- og miljøutvalet - 045/18

PM - behandling:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801, ut til høyring og

offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Ny § 4.2.1: Krav til sikring. Naudsynt fjellsikring skal gjennomførast før det vert sett i gang arbeid med etablering av galge for bomstasjonen. Gjerde skal etablerast før tilkomststi til tekniske anlegg for bomstasjonen vert teken i bruk.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 017/18

RMNF - behandling:

Orientering til saka v/Christian Reinshol-rådgjevar Plan
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF - vedtak:

Uttale i RMNF:

Ingen merknader.

Eldrerådet - 011/18

ER - behandling:

Anna K.Valle er ugild i denne saka og deltok difor ikkje under handsaminga, Eldrerådet har ingen merknader til planen.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

ER - vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til planen.

Levekårsutvalet - 021/18

LE - behandling:

Vara Anna K. Valle-Sp sa seg ugild i handsaming av denne saka.

Ingen merknader, samrøystes.

LE - vedtak:

Ingen merknader.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn.

Forslaggstillar for planframlegget er Statens vegvesen som også har utarbeidd planframlegget.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for etablering av bomstasjon like aust for tunellmunninga til Mundalsberg tunellen. Planen omfattar naudsynt areal for bomstasjon med teknisk utstyr, tilhøyrande parkering for service og tilkomst for vedlikehald. Tiltaket inngår som ein del av Nordhordlandspakken, som vart vedteken i Stortinget hausten 2017. Reguleringsplanen vil skape grunnlag for grunnverv då ein ikkje har lykkast i å kome til avtale om grunnavståing med grunneigarane i området.

Området som vert regulert er på om lag 4,8 dekar og er i kommuneplanen sett av til veganlegg og LNF-område. I planen vert det sett av areal til køyreveg med same storleik som i dag og naudsynt areal til etablering av tekniske anlegg og sikring av desse i føremål for annan veggrunn. På sørsida av vegen kan det verte aktuelt med støttemur for å sikre tilkomst på utsida av dagens betonggerde.

Planframlegget skal legge til rette for etablering av ein av 5 bomstasjonar som er planlagt i samband med oppstart av Nordhordlandspakka. Tiltaket i seg sjølv er lite fysisk, men vil gje verknader for storsamfunnet i form av bompengeneinnkrevjing som skal legge grunnlag for vegutbetringar i Nordhordland. Ein kunne normalt ha etablert anlegget etter veglova, men som følgje av at ein ikkje har kome til einigheit om grunnavståing for etablering av bomstasjonen har ein måtte regulere arealet.

Topografien i området er bratt, og det er i nord grøft og fjellskjæring langs vegen, medan det mot sør er ei bratt skråning. Det er ikkje registrert tilkomst til friluftsområde i planområdet. På både oppsida og nedsida av vegen er det rik edellauvskog, men det er vurdert som lite truleg at denne er drivbar i vesentleg grad grunna vanskeleg topografi. Det er vidare registrert ulike artar med stor forvaltningsinteresse i nærleiken av planområdet, i tillegg til at rik edellauvskog er ein viktig naturtype. Tiltaka som er planlagt vil ikkje råke naturverdiar i vesentleg grad, då området alt er bygd ut med infrastrukturtiltak og planlagde inngrep utover eksisterande tiltak er små.

Det er utarbeidd ROS-analyse for planområdet, der 7 faremoment er avdekkja. Sikring med omsyn til steinsprang er omtala i analysen og må takast omsyn til i samband med etablering av bomstasjonen. Vidare er det peika på behov for gjerde for sikring av ny tilkomststi frå parkeringslomme til teknisk anlegg for bomstasjonen. Fare for syklistar i samband med anleggsarbeidet er også trekt fram som mogleg faremoment, og naudsynte tiltak for å sikre tryggleik må gjerast i anleggsperioden. Det er vidare registrert andre faremoment som ligg til planområdet, men som ikkje vert endra som følgje av etablering av bomstasjonen utover tiltak i anleggsfasen.

Det har kome inn merknader frå offentlege mynde og interesseorganisasjonar til oppstart av

reguleringsplanen, i tillegg til merknad frå berørte grunneigarar. BKK har merknad knytt til kraftlina og eventuelt behov for nettstasjon, men det vil ikkje vere behov for ny nettstasjon og planlagde tiltak vil ikkje ha verknad for kraftlina som går over området. Grunneigarane som vert berørt av tiltaket har kome med merknad der dei går inn på ulike tema. Dei ynskjer at sti som går på tvers av E39 vert vurdert vidareført. Vidare peiker dei på at ved- og skogteigar ved E39 er ein del av verdigrunnlaget til eigedomane og eit ressursgrunnlag for all framtid. Ulik verdivurdering av dette mellom grunneigarane og Statens vegvesen er årsaka til at ein ikkje har funne fram til ei minneleg ordning med grunnavståing. Vidare peiker grunneigarane på at det kan vere tvil knytt til eigarforhold til grunnen i området og ynskjer at dette vert avklart. Avslutningsvis ynskjer grunneigarane at det må gjerast konsekvensutgreiing i samband med planarbeidet på bakgrunn av ovanforståande tema. Statens vegvesen har kommentert at planlagde tiltak ikkje vil ha verknad for dagens situasjon og tilkomst til sti og høgspent. Vidare peiker vegvesenet på at det i dag ikkje er høve til å hente ut skog frå 193/1-5 og 194/1-5 via planområdet og at dette difor heller ikkje vert regulert inn. Ved grunnkjøp/innløyning av areal etter reguleringsplanen vil eigartilhøve og tidlegare avtalar verte lagt til grunn. Avslutningsvis viser vegvesenet til at vurdering av behov for konsekvensutgreiing er gjort i tråd med kriterier og forskrift om konsekvensutgreiing og at punkta som vert teke opp i merknaden ikkje vil påverke desse vurderingane.

Vurdering

Administrasjonen har gått gjennom framlegget til reguleringsplan for E39 Mundalsberget bomstasjon og administrasjonen sine vurderingar kjem fram under. Framlegget vert vurdert i høve ulike tema og framlegg til endringar og justeringar i planframlegget er presentert under kvart punkt.

Tilhøvet til overordna plan:

I kommuneplanen er det aktuelle planområdet sett av til vegføremål og LNF-føremål. LNF-føremålet som ligg inntil vegen er i stor grad påverka av infrastrukturen til vegen i dag, og det er ikkje planlagd større inngrep i LNF-området utover etablering av tilkomststi på sørsida av vegen. Administrasjonen kan ikkje sjå at ei endring frå LNF til anna veggrunn grøntareal for størstedelen av det aktuelle arealet vil ha vesentlege konsekvensar då arealet per i dag vil vere utfordrande å drifte som skogsareal.

Trafikk og parkeringstilhøve:

Bomstasjonen kjem tett opp til tunellmunninga for Mundalsbergtunellen, men dei tekniske installasjonane vil ha liten til ingen verknad for trafikkbiletet slik det er vurdert i ROS-analyse. Skulle det verte innført rushtidsavgift eller liknande har dette vist seg å kunne påverke trafikkavviklinga andre stader, men per no er dette ikkje eit verkemiddel som er planlagt for dette bompengeprojektet. Parkering for service på bomstasjonen vil skje i eksisterande lomme rett utanfor tunellen. Plasseringa av lomma er ikkje den beste trafiksikkerheitsmessig, men i dagleg drift vil bruk av lomma vere sporadisk og administrasjonen kan ikkje sjå at plasseringa vil vere spesielt uheldig.

ROS-analyse, naturmangfald og folkehelse:

Det er utarbeidd ROS-analyse for området, som viser at det er nokre tilhøve som hamnar i gul og raud sone. Det er etter administrasjonen si vurdering skildra tilstrekkelege tiltak for å bøte på dei tilhøva som er avdekkja. Administrasjonen meiner likevel at krav til fjellsikring før etablering av galge for bomstasjonen bør vere med inn i føresegnene for planen, for å sikre at dette vert utført. Vidare meiner administrasjonen også at det må vere eit krav at sikring av tilkomststi på sørsida av vegen må verte ferdigstilt samstundes med stien for å ivareta tryggleiken.

Ny § 4.2.1: Krav til sikring. Naudsynt fjellsikring skal gjennomførast før det vert sett i gang arbeid med etablering av galge for bomstasjonen. Gjerde skal etablerast før tilkomststi til tekniske anlegg for bomstasjonen vert teken i bruk.

Når det gjeld naturmangfald, kan ikkje administrasjonen sjå at tiltaka i samband med veganlegget vil ha noko verknad for naturmangfaldet. Planframlegget vil soleis ikkje kome i konflikt med §§8-12 i naturmangfaldlova. Når det gjeld folkehelse vil ikkje tiltaket medføre spesielle verknader for folkehelsa.

Merknader til oppstart:

Grunneigarane som vil måtte avstå grunn til veganlegget har kome med merknad til oppstart, der dei mellom anna peiker på at dei ynskjer vurdering på vidareføring av sti, verdi av skogteigar ved vegen, eigartilhøve for grunnen og at dei ynskjer at dei tema som vert trekt fram vert konsekvensutgreidd. Administrasjonen er einig i vegvesenet sine vurderingar knytt til dei ulike tilhøva. Etablering av bomstasjon vil ikkje ha noko verknad på tilhøve knytt til stien som vert omtala. E39 er allereie etablert, og vurdering av vidareføring av sti burde vere utført i samband med bygginga av E39. Slik administrasjonen vurderer det, vil ei reetablering av sti medføre å etablere ei mogleg kryssing av E39 på eit trafikkfarleg punkt. Alternativ trasé til dømes over tunellen frå parkeringslomma i sør med påkopling til kraftlinetraseen på nordsida av vegen kunne ha vore mogleg. Administrasjonen vil uansett påpeike at parkering i den aktuelle lomma etter tunellen ikkje vil vere å tilrå utover den sporadiske bruken knytt til service på anlegget. Ein slik situasjon vil kunne skape fleire uønskte trafikkfarlege situasjonar.

Vidare har administrasjonen teke ei førebels vurdering av verdi av skogen i dette området, og ut i frå dårlege driftsforhold med sterkt skråande terreng kan ein ikkje sjå at det er spesielle verdier knytt til skogsdrift som medfører trong for eigne utgreiingar. Når det gjeld eigarforholda for området vert dette privatrettslege tilhøve som må vurderast i avtale om kjøp av grunn og er ikkje noko kommunen tar stilling til i reguleringsplansaka. Tilhøve knytt til konsekvensutgreiing vart vurdert i oppstartsmøtet, og ein kan ikkje sjå at det ligg føre inngrep av ein storleik som tilseier at tiltaket skal konsekvensutgreiast etter forskrifta. Det er heller ikkje naturverdier eller andre tilhøve som krev spesielle utgreiingar etter det administrasjonen kan sjå. Det er registrert rik edellauvskog i området, men storleiken på tiltaka som skal gjerast føreset ikkje at det er inngrep som fordrar konsekvensutgreiing for naturverdier. Som tidlegare omtalt vil vurdering av verdi for eigedomane som skal ervervast fastsetjast som ei privatrettsleg sak, og kommunen kan ikkje sjå at den aktuelle skogen har noko spesiell verdi som krev større utgreiingar grunna dårlege driftstilhøve knytt til skogen.

Oppsummering:

Administrasjonen har gått gjennom planframlegget og har nokre presiseringar og framlegg til endringar i planen. Endringane går på å sikre i føresegnene at naudsynt sikringsarbeid knytt til steinsprang og mogleg fallulykke vert opparbeidd før galge vert bygd og tilkomststi vert teken i bruk. Vidare følgjer administrasjonen vegvesenet sine vurderingar knytt til innkomne merknader. Administrasjonen rår til at planen vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn med dei tilrådde endringane.

.....